

Alver kommune
v/ Anny Bastesen
Postboks 4
5906 Frekhaug

sendt til: anny.bastesen@alver.kommune.no

kopi til: post@alverkommune.no

Ettterlysning av svar på spørsmål i sak 22/7515 Klage på manglande/feil handsaming

Viser mitt brev datert 17.10.22 i ovennevnte sak, der eg ba om tilbakemelding samt svar på fylgjande spørsmål:

*Blomskuvika framstår i dag med samanhengande kaier, båtslipp, med tiltak inne på min eigedom og der eierforholdet til bnr11¹ utover i fjøra er påverka.
Etter dette ber eg om snarleg tilbakemelding frå kommunen på fylgjande spørsmål:*

- 1. Er dei ovannemnde tiltaka med utfylling i sjø, muring og støyping av kaier og slipp omsøkt og er nødvendige løyve gitt?*
- 2. Dersom løyve er gitt, kvifor har eg då ikkje fått nabovarsel og soleis hatt høve til å uttala meg for å kunne ivareta mine interesser?*
- 3. Den sørvestre delen av bnr15 sine tiltak i strandsona er utført på bnr11. Blir det då eg som heimelshavar av bnr11 som må stå ansvarleg for dette tiltaket?*

Som døme på “nødvendige løyve”, legg eg ved søknaden min: **Vedlegg 1. Byggesøknad sjø til Bergen og Omland havnevesen den 18.05.2010.pdf**. Søknaden omfatta ei vid nabovarsling der også Thomassen/Austefjord på bnr15 inngår.

Eit ytterlegare døme er **Vedlegg 2. Avslag støypt båtopptrekk.pdf** datert 05.01.2021 i sak 1204/20.

I tillegg til påminninga, ser eg det maktpåleggjande for å ivareta min eigen integritet å faktabeskrive narrativet Thomassen/Austefjord har gitt i *Utgreiing sak 22/7515* datert 17.3.23. Dette også fordi:

1. Thomassen/Austefjord sitt narrativ er lagt til grunn for kommunen sitt vedtak i saka.
2. Offentlege arkiv bør så langt råd er gjenspeile både sanning og fakta.

Thomassen/Austefjord skriv:

Ingen “kaier” er bygd på bnr11.

¹ Tilflott, avstand til nabogrense, ...

Fakta er:

Vedlegg 3. Tiltak3 på bnr11.pdf, som er tatt av Thomassen sjølv, viser ovaforneemde tiltak som han har murt og stypt inne på bnr11. Tiltaket ligg 3,92 meter sørvest frå grensebolten som jordskifterette har sett ned ved i flomålet i Blomskuvika. Grenselina går her vidare utover fjøra/grunna i vika etter dei vanlege rettsreglane, og tilflott til denne delen av eigedomen min vert no negativt påverka av kaianlegga Thomassen/Austefjord byggjer.

Tiltaket på bnr11 påpeika eg² og stilte spørsmål til allereie i 2006. Eg oppdaga då reint tilfeldig at det gjekk føre seg eit eller anna "planarbeid" i Blomskuvika og at ein mindre kai i tida mellom 2004 til 2006 ubemerkta hadde blitt bygd innerst i vika der grenselina mellom bnr11 og bnr15 går. Både forrige eigar, noverande eigarar, sonen min og eg var då alle til stades i vika.

Naustet³, var då på **ingen måte** påbegynt og på direkte spørsmål til forrige eigar om dei skulle byggja noko meir i Blomskuvika svara han litt brydd at det **skulle dei ikkje**. Seinare viste det seg at han då hadde eit uvarsla byggelyve på naust som han hadde fått 16 år tidlegare og at sonen Dag Gjert Thomassen og Unni Austefjord (heimelshavarar frå den 11.5.2005) de facto var i ferd med å planleggje å byggja naust basert på det utgatte byggeløyvet Dagfinn Thomassen hadde fått i 1990:

I byrjinga av august 2008 vart naustetomten sprengt ut og naustbygginga starta.

Sjå **Vedlegg 4. Blomskuvika 2004.jpg** (utan kai) og **Vedlegg 5. Utsprengt naustetomt 17aug2008.jpg** med nybygd kai. Vedkomande som sprengde ut tomten vil nok kunne uttala seg om naustet då var båbegynt eller ikkje.

Det er likevel ikkje naustet denne saka gjeld, men historien er viktig å ha med seg når det no gjeld dei nye tiltaka i sjø og strandsona. Tiltak som vart sett i gong etter at naustet hadde fått ferdigattest og som eg i nabovarselet for **legaliseringssøknaden** 8.5.2011 for det påbyrja naustet **hadde sikra meg å få nabovarsel for, og derved kunne uttala meg om slik eg etter lova har krav på**. Dette nettopp på på bakgrunn av historien med hendinga i 2006 og 2008.

Elles er det i sakaspapira interressant å sjå at Thomassen/Austefjord, ikkje berre når det gjeld kaiane, men også når det gjalt naustet viser dei til muntlege "byggeløyve" mellom faren som var tilsett på landbrukskontoret og navngitte tilsette på byggesak i Radøy kommune. I utgreinga datert 23.4.23 skriv dei:

"...far min, Dagfinn Thomassen, mangeårig leiar av Radøy Forliksråd og Radøy Overformynderi ..."

Kvifor let dei vera å nemne det som er relevant i saka: at Dagfinn Thomassen i alle år hadde **ei sentral stilling ved landbrukskontoret i Radøy?**

Fakta om grenselina mellom bnr11 og bnr15

I arealplanen for Radøy kommune i 1990 var grenselina mellom bnr11 og bnr15 korrekt innteikna (slik jordskifteretten i 2022 har slått fast). Sjå **Vedlegg 6. Grenselinje Blomskuvik bnr11 1990.pdf**. Vidare viser sakspapira for arealplanen at grenselina i Blomskuvika vart

² Nemt i brevet mitt datert 17.10.22

³ IKKJE omfatta av denne saka

endra **etter initiativ frå Dagfinn Thomassen** (tilsett ved landbrukskontoret). **Endringa vart gjort utan at eg som eigar av bnr11 vart tilskreven.**

Pga. dei kontinuerlege tiltaka i strandsona og nyttelause forsøk på dialog med Thomassen/Austefjord, tok eg i 2015 kontakt med Radøy kommune om å rette opp matrikkelkartet som då var tilgjengeleg på internett. Tilbakemeldinga frå kommunen var at det kunne dei ikkje gjera **utan at bnr15 sa seg einig** i endringa - eller at det vart avsagt jordskiftedom i saka. **Kva då med grenseendringa som vart gjort mellom 1990 - 1993?**

Tiltaka i sjø, der kaiane berre vart fleire og fleire, større og større held fram. Som eit siste forsøk på å stoppe tiltaka på og mot min eigeidom markerte eg bnr11 i Blomskuvika med nokre gjerdestolpar. Straks etter mottok eg brev frå Thomassen/Austefjord sin advokat, og etter ei lengre brevveksling med han, krov eg til slutt jordskiftesak den 3.3.2021. Jordskiftedom låg føre 4.7.2022, kart og koordinatar vart oversendt Alver kommune 16.2.2023 og matrikkelen var retta den 8.5.2023. Kvifor legg då Thomassen/Austefjord i narrativet sitt ved eit **gamalt gardskart der grenselina i Blomskuvika er feil innteikna?**

Fakta om dei historiske kaiane på bnr15

Noverande bnr15 er historisk og var eit svært viktig utskipningsområde for torv frå dei store torvmyrene nordover mot Skjelvik og Nordanger. Framleis er det fleire minner på eigeidommen etter denne epoken - som til dømes utskipningskaiar med tilførselsvegar frå torvmyrene. Kaiane ligg på nordaustleg side langs Slettosen der den eine kaien med veg frå torvmyrane ligg på austsida av det søre neset ved Blomskuvika. Der skøyta med sand til støyping av dei nye kaiane i Blomskuvika la til den 7. juli 2021.

I **jordskifteretten** hadde Thomassen/Austefjord innmeldt Herleif Thomassen (f.1929, bror til forrige eigar) som vitne er. På direkte spørsmål frå dommaren til Herleif om det var nokon form for kaiar i Blomskuvika, svara han til slutt at **det ikkje var kaiar i vika etter det han kunne hugsa.**

Isen har reve med seg stein frå utskipningskaiane.

Fakta er at i åra etter at naustet fekk ferdigattest, har Thomassen/Austefjord transportert stein med båt til bygginga av dei nye kaiane frå området der utskipningskaiane ligg. Om det då er isen som har tatt med seg stein frå utskipningskaiane eller om den observerte transporten (eg og andre naboar) av stein til muring av dei nye kaiane i Blomskuvika, kom frå utskipningskaiane - skal eg ikkje sei for mykje om, men i mine 70 år som fastbuande på bnr11, kan eg ikkje hugsa å ha sett is i Slettosen på området det var frakta stein frå. Straumen i dette smale området er for sterk til at det frys til.

Det er langgrunt i Blomskuvika:

Som **Vedlegg 7. Ortofoto 1967 Profil Kai og Flomål.pdf** samt **Vedlegg 8. Austre kai 4mars2021.jpg** og **Vedlegg 9. Langrunt framføre kaiangegg.jpg**, viser er det langgrunt i Blomskuvika. Ortofotoet viser òg tydeleg grunna innerst i vika - der Thomassen/Austegard fortel - i eit narrativ utvikla gjennom 3 generasjonar - er ein kai som oldefaren bygde. Flomålet (raud stipla line) og omfanget/omrisset av kaiane (blå linje) som er bygd etter 2006 er teikna inn i det vedlagte ortofotoet frå 1967.

Rossgård tek ein del av idyllen frå vår eigedom skriv Thomassen/Austefjord.

Idyllen på fritidseigendomen bnr15 er altså i deira framstilling lidande på grunn av at gardsbrukarane i Slettebygda kjemper for å overleve og å halde bygda levande.

Eg og andre med meg i Slettebygda har dei seinare år investert store ressursar i å etablere tilleggsnæring til bruka våre i form av turisme, og gjestar både frå inn og utland finn no vegen til Sletta.

Sumaren 2021 og 2022 vart "idyllen" i Slettebygda broten. Midt i juni, frå fredag til langt utpå søndag ettermiddag, var det "festival" på bnr15. Fleire titals tilreisande ungdomar låg i telt, festa natt og dag og brente bål på svaberga og i skogen.

Eit "enormt disk oanlegg" tok effektivt nattesøvnen frå oss alle med ein kontinuerleg, **svært støyande** og **nerveslitande** disko døgnet rundt frå fredag til langt utpå søndag. Bilar var "henslengt" der dei kunne finne plass rundt om i bygda. Då dette seinare var forsøkt tatt opp med Dag Thomassen svara han at **"såpass må bygda tåle"** og at **festivalane vil bli ein årleg foretelse.**

For eigen del hadde eg i "festivalhelga" 2022 tyske gjestar i rorbua eg har bygd. Besteforeldra blant dei 5 gjestene, skulle reise med fly frå Flesland grytidleg om morgonen. Tilbakemeldinga eg fekk på opphaldet var at dei vart haldne vakne heile natta grunna festivalbråket. I år kjem dei ikkje tilbake, og slikt som dette **påfører meg negativ omtale og tap av betydelege inntekter.**

Me har i ettertid hatt kontakt både med politiet (Kjell Idar Vangberg) og brannvesenet (Stein Ove Valdersnes) i Alver om "festivalane" og dei helse-, hygiene- og kostnadmessige utfordringane dei medfører. "Festivalar" det skal søkjast løyve om både til kommunen og politiet. I tillegg har eg for eigen del tatt opp problema med årleg bråtebrenning. Den 15. april i år var det ny bråtebrenning på bnr15, tørt i graset og nordavinden sto direkte på bustadsområdet på Ystebørenen. Eg ringde då til Thomassen og spurde om dei kunne la være å brenne bråte til vinden snudde. Dette til ingen nytte og ny brann vart påtent etter at den pågåande hadde brent ut.

Avslutning.

Slik eg forstår det, er kommunane pliktige til å kontrollere strandsona for ulovlig bygging. Strandsona er regulert av flere lover og forskrifter, som plan- og bygningslova, naturmangfoldlova og lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Lovene har mellom anna som formål å ivareta natur- og kulturverdier og å begrense uønska utbygging.

Kommunen har ansvar for å håndheve gjeldande lover og forskrifter, og skal foreta jevnlege kontroller for å avdekke ulovlege byggetiltak eller andre brudd på regelverket i strandsona. I tillegg til kommunenes kontroll, har også statsforvaltaren/fylkeskommunen ansvar for tilsyn og kontroll med strandsona i Norge og kan gripe inn dersom kommunene ikke utfører tilstrekkelig kontroll eller ikke følger opp brudd på regelverket.

I denne samanhengen vil eg òg nemna at under synfaring på bnr15 i delingssak 16/15182 og 16/15184, vart kaianlegga i Blomskuvika av HPLT (Hovedutval for Plan Landbruk og Teknisk), peika på overfor Thomassen som ikkje omsøkt.

Kommunens vedtak om å avslutte denne "strandsonesaka" meiner eg er fatta på ein beviseleg feil faktabeskrivelse frå Thomassen/Austefjord. **Eg anmodar derfor om at kommunen/HLTP føretek synfaring i Blomskuvika for med egne auge sjå dei faktiske forholda. Eg ynskjer då å delta på synfringa og at den går føre seg på fjøre sjø.**

Samstundes set eg fram følgjande:

Klage på:

1. **Vesentlege avvik** frå byggeløyvet **framføre** naustet.
2. Manglande sakshandsaming av merknaden til byggeløyvet.
3. Avslutning av strandsonesaka er fatta på **feilt faktagrunnlag**

Venleg helsing



13 Vedlegg